

Waldess 2

Skyldskifte

A183

Ons dag den 9. sept. 1970 heldt vi underskrivne, oppnemnde av lensmannen, skyldskifte på garden Hella indre
g. nr. 33 b.nr. 4 med skyld mark 2,12 i Radøy
kommune. Skyldskifte er kravt av Ragnhild og Gustav O. Hella,
som har grunnboksheimel til den eigedomen skyldskiftet gjeld¹⁾.

Menns-oppnemningsbrevet følger. Alle mennene har gjevi skjønsmannslovnad, ~~skjønsmannslovnad~~

Ved tenesta møtte Ragnhild og Gustav O. Hella i høve utskiljing
Av partane:³⁾ av parasell til seg sjølv.
Desutan underskrivne skyldskiftemenn.

Av grannane:²⁾ Eigar av b.nr 11 var tilkalla (Andr. A. Hella) men
møtte ikkje. Andre var ikkje turvande å yesa tilstades
Mennene valde til formann Mikkel Hæland, Uthella.

Om den/dei fråskilde luten/lutene av garden kan det gjevast desse opplysningane:

1. Areal: Dyrka jord _____ dekar, naturleg eng og kulturbeite _____ dekar, produktiv skog _____ dekar, anna areal _____ dekar. I alt _____ dekar.

2. Grenser:⁴⁾

Parall 1. →
Denne parasellen ligg aust av rikavegen. Grenselina tek til i sør vestre hyrna av parasellen i m.m.v. Herifrå går lina i austleg lei 47 meter til steingjerde. Herifrå føl grenselina etter steigjerde mot b.nr 11 i nordleg lei 29,7 meter. Herifrå bøyer lina i vestleg lei 56 meter og føl etter stein-

- 1) Skyldskifte kan ikkje godtakast til tinglysing utan at den som krev tenesta, anten har grunnboksheimel eller dom for at han eig den luten av eigedomen som han vil ha fråskilt (§ 1 i skylddelingslova.)
- 2) Har nokon av mennene ikkje gjevi slik lovnad som er nemnd i § 20 i lov nr. 1 frå 1/6 1917, skal han skriva under ei utsegn med etternemnde ordlyd for tenesta tek til, og utsegna skal sendast til sorenkrivaren saman med skyldskiftet: «Eg lovar at eg i alle saker vil gjera tenesta mi som skjønsmann samvitsfullt og etter beste overtyding. den 10 N.N.»
- 3) Om nokon av dei grannane eller partane som skyldskiftet vedkjem, ikkje møter, må ein her opplysa om det er prova at dei har fått varsel, eller når det gjeld grannane, om det er rekna for uturvande å varsle dei (§§ 2 og 8 i skylddelingslova.)
- 4) Sjå §§ 3 og 8 i skylddelingslova. Grensen mot granne-eigedomar skal ein ikkje skriva opp når eigaren ikkje er til stades og samtykkjer i det som vert skriva. Skal mennene etter krav frå partane fastsetja sjølve markeskiller, samstundes med at dei set i skyld (§ 7 i lova), må dei her nemna det som trengs om det og. Det må ikkje stiftas bruksrett eller servitut i skyldskiftet utan at heftet er vedteki skriftleg av den som har grunnboksheimelen til den eigedomen heftet skal liggja på (§ 5 i lova.)

gjerde og forsytt mat b. nr. 11 opp til riksvegen.
Herifrå går lina i sørleg lei og føl frammed riksvegen
24,5 meter og atende til utgangsmarket.

Parasell II.

Parasell 2. Denne parasellen er eit påbegynt naust og ligg vest om
Brota. Grenselina tek til i nordaustre hjørne av para-
sellen i kryss i berg ved sjøkanten. Herifrå går grense-
lina i sør-vestleg retning 15 meter til m.m.v. herifrå
går lina i sør-vestleg lei 12 meter til kryss i berg og
i same retning i sjøen. Føl herifrå strandlina og atende
til utgangsmarket.

Til denne parasellen skel eigaren hava rett å nytta den
beskrevne sjøvegen som er på bruket, frå riksvegen og
til sjøen.